

## Møtereferat

Dato: 19.09.2018

Emne:	<b>Referat - styringsgruppemøte 10.09.2018 - Prosjektet "Auka gjennomføring - fleire ut i lære"</b>	
Til stades:	Linda Farestveit – Opplæringsavdelinga - seksjon skule Rita Jordal - LO, Sølvi Olrich Sørebo - KS, Morten Mjeldheim – OKEL, Inge Bauge - BYGGMESTRENES SERVICEKONTOR, Hege Osebakken, Ola Dahl Andersen, Rolf Arve Haugstvedt – Årstad vgs,	
Forfall:	Sissel Øverdal (leiar) Atle Rasmussen – LO, Mats Kleven - LO,	Sak: 2017/1228-17
Møtetid:	13.00 -15.00	Møtestad: Wigandgården 8. etg Møterom Forskjønnelsen

**Møteleiar: Linda Farestveit**
**Referent: Ola Dahl Andersen/Hege Osebakken**

Sak	Tittel
	Innkalling og agenda - godkjenning Linda ønskja velkomne – vikar for Sissel Innkalling godkjent Agenda Godkjent
	Referat frå møte 31.05.2018 - godkjenning Referat, som var lettlest, vart godkjent
10/18	Status, arbeid sidan sist – orientering  Litt tilbakeblikk på vårt første drifts år. Det er arbeid både på system- og individnivå. Det er sett i gang endringsprosessar gjennom ulike prosjektaktivitetar: Formidlingsplan. Revidert og koordinatoren som pådrivar. Formidlingsplanane skil på individnivå og systemnivå. Samarbeid med offentlig sektor. Finnlærebedrift.no og utdanning.no – avtaler lastas opp. Felles YFF-dag blei gjennomført 2. februar 2018. Veldig godt mottatt så det er bestemt ny dag 1. februar 2019. Godt mulig denne dagen opnast for andre skular også. Læreplassregnskap – utvikla for å dele registreringer og formidling på elevnivå. Støtte i overgangen til lære – Er eit tilbod til dei som ønskjer og er kvalifisert, men ikkje fått læreplass. Koordinatorene arbeider med disse regionvis. Totalt ca 42 søkjarar vil bli kontakta av koordinatorene, så vil det vise seg kor mange som takker ja til tilbodet.  Læreplasskick-off – gjennomført på alle skulane. God suksess. Vil komme til å bli gjennomført tidlegare på året (jan/februar) for å fange opp de bedrifter som har tidlig søknadsfrist.

	<p>Samarbeidsmøter med bedriftene – bedrifter i skulens bedriftsnettverk har vært invitert inn til samlinger på skulane med ein liten matibt på ettermiddag. Veldig positive dialogmøter.</p> <p>Dialogmøter med opplæringskontora – her har koordinatorene vært i dialog med opplæringskontor i sin region.</p> <p>Yrkesfagdag – gjennomført på kvar skule, der bedrifter og opplæringskontor har bidrege for å selje sine fag.</p> <p>Formidlingstall: Det er ulike tall på skulane og det administrasjonen her i fylket kan lesa ut frå VIGO. I følge YKF-skulane så har vi høgare formidling på desse skulane i år enn i fjor. Fylkeskommunen må sjå på kva som skal til for i størst mulig grad ha oppdaterte tall til ein kvar tid.</p> <p>Kvalitet i bedriftene, dette følgjast opp gjennom fagopplæring.</p> <p>Forlenging av stillingane. Alle unntatt ein YFK har takka ja til forlenging av sine stillingar.</p> <p>Læreplassregnskapet – presentert. Er godt både som rapporteringsverktøy, men også et planleggingsverktøy.</p>
11/18	<p>Etablering av lokale formidlingsnettverk- dokument utsendt -orientering</p> <p>Eigen introduksjon <b>Samfunnskontrakt og lokal samfunnskontrakt</b> 14. mars 2016 undertekna regjeringa og partane i arbeidslivet ein ny samfunnskontrakt ( 2016-2020) Målet er å sørge for at alle kvalifiserte elevar som ønskjer det, skal få tilbod om læreplass. I avtalen vert det peika på at det må etablerast lokale nettverk, og ein må rekruttere fleire lærebedrifter for å skaffe fleire læreplassar.</p> <p>Prosjektet med dei seks YFK-skulane vil vere sentralt i oppbygginga av dei lokale nettverka i Hordaland. (fylkestinget desember 2017, PS114/2017)</p> <p>Det var presentert ei skisse og eit forslag til korleis ein kan løyse arbeidet med å etablere lokale nettverk ved prosjektskulane.</p> <p>Det kom fram at det gjerne vart skissert mykje møtepunkt. Vurdere kven som skal sitte i desse møta. Kan vi bruke eksisterande fora og møtepunkter som allereie er etablert? Finne modeller som ikkje er så tidsmessig krevjande? Samarbeidsmøter som i dag er etablerte?</p>
12/18	<p>Framovermelding, - aktiviteter til informasjon</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Sak til FT des 18.</li> </ul> <p>Det var informert om saka som skal gå til FT, des 18, saka er i under produksjon. Saka er utsett frå oktober FT til FT des.18 for å kunne vise eit meir heilskapleg bilete av kva ein erfarer og har av resultat i prosjektet.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Nye AUD evaluering – rammer for denne (innhald og tidspunkt)</li> </ul>

	<p>FIA , avdeling for Forsking , internasjonalisering og analyse som gjennomførte nullpunkt evaluering i prosjektet, skal også gjennom føre midtvegs evalueringa. Evalueringa vert utført kvalitativt og kvantitativt. Det vert i den kvantitative undersøkinga sendt ut e-post med lenkje for quest back til alle yrke faglærarane. Det vert vidare utført kvalitative intervju med rektor og eventuelt rektor sin representant i prosjektet.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Læreplassjeger</li> </ul> <p>2018 er markert som yrkesfaga sitt år Hordaland har komt med som eit av fem pilotfylker. Hordaland har meldt inn at vi ønskjer å satse på fag innan TIP, Elektrofag og IKT. Worldskills Norge som står bak aksjon læreplassjeger har identifisert omlag 1000 bedrifter innan desse områda som kan ha eit potensiale for å verte lærebedrift. Alle desse bedriftene er til skrevet, med informasjon og ein oppmoding til å bli lærebedrift. Dette arbeidet starta i august og YFK vert sentrale i oppfølgingsarbeid rundt skulane sin region i etterkant.</p>
	<p><b>Tilbakemelding frå møte mellom leiargruppa opplæring og prosjektskulane Innspel til vidareføring/ implementering av tiltak og verkty etter prosjektet er avslutta</b></p> <p>PL orienterte SG etter møte med Fylkesdirektør for opplæring, regionsleiarane og rektorane ved prosjektskulane.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Skulane rapporterer om eit tydelegare 4års løp i opplæringa. Vesentlege verktøy er formidlingsplan som no er implementert i skulens årsjul.</li> <li>- Nettverka som skal etablersat gjer skulane tettare i 4 års tenkinga. Skulane er kome meir under huden, i høve til å tenke si rolle i det 4 årige løpet,</li> <li>- Skulane ser verdien i arbeidsoppgåvene frå formidlingsplanen opp mot dei ordinære oppgåvene til skulen. Skulen har med dette fått eit felles ansvar for formidling til læreplass.</li> <li>- Det er stor semje frå skulane om at arbeidet og prosjektaktivitetane som er sett i gang er eit godt verkemiddel for å få snudd tankegangen til lærarane.</li> <li>- Det signaliserast stor tru på prosjektet, og uro i høve til at prosjektet berre varer ut 2019. Dette er systemarbeid, krev ressursar og tek tid for å få skikkelig forankring. No er det nokon som dreg prosessane. System og rutinar er ikkje forankra godt nok i organisasjonen på så kort tid.</li> <li>-</li> </ul>
13/18	<p><b>Eventuelt</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Ny dato for SG møte. Grunna sak til FT des ikkje er politisk behandla, vart det forslag avlyse planlagt møte i desember og å ta neste SG møte i januar 2019. Nytt møte i SG er 15.01.2019 kl 09.00</li> </ul>